



Innst. O. nr. 12

(2002-2003)

Innstilling til Odelstinget frå kommunalkomiteen

Ot.prp. nr. 10 (2002-2003)

Innstilling frå kommunalkomiteen om lov om lønnsnemndbehandling av arbeidstvisten mellom Kommunalansattes Fellesorganisasjon og Servicebedriftenes Landsforening i samband med tariffrevisjonen 2002

Til Odelstinget

1. SAMANDRAG

1.1 Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet legg i proposisjonen fram forslag om at arbeidstvisten mellom Kommunalansattes Fellesorganisasjon (KFO) og Servicebedriftenes Landsforening (SBL) i samband med tariffrevisjonen 2002 skal avgjerast av Rikslønnsnemnda. Departementet legg samtidig fram forslag om at det blir forbode å setje i verk eller oppretthalde arbeidskamp for å løyse tvisten.

1.2 Partsforhandlingar og mekling

Tvisten har oppstått i samband med lønnsoppgjæret 2002 mellom private ambulanseselskap som er medlemmer i SBL og ambulansesjåførar som er medlemmer i KFO.

Forhandlingar om ny tariffavtale førde ikkje fram, og KFO braut forhandlingane og varsla plassoppseiing 6. september 2002. Riksmeklingsmannen la ned forbod mot arbeidskamp 8. september og innkalla partane til mekling. Meklinga blei avslutta natt til torsdag 26. september 2002 utan resultat.

KFO tok 26. september ut 65 av sine medlemmer i Nord-Trøndelag og Nordland i streik.

Streiken blei trappa opp frå 2. oktober då KFO tok ut 58 nye medlemmer i streik.

Ytterlegare opptrapping kom 8. oktober 2002. Frå denne datoen var i alt 262 arbeidstakarar omfatta

av streiken i til saman 9 fylke: Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Oppland, Hedmark, Telemark og Buskerud.

1.3 Omfang og verknader av konflikten

Kommunal- og regionaldepartementet har fått jamnleg informasjon frå Statens helsetilsyn om verknadene av tvisten og deira vurdering av konsekvensane. I proposisjonen er det gitt eksempel på dette.

Kommunal- og regionaldepartementet kalla partane inn til eit møte måndag 14. oktober kl. 21.30. Statsråden informerte om at Regjeringa på grunnlag av dei konsekvensane streiken no kunne få, hadde vedteke å fremje forslag om å bruke tvungen lønnsnemnd for å stanse konflikten. På oppmoding frå statsråden sa KFO at deira medlemmer ville gå tilbake til arbeidet med det same.

1.4 Konklusjon

Etter ei samla vurdering, særleg med grunnlag i rapporten frå Statens helsetilsyn, har Kommunal- og regionaldepartementet kome til at omsynet til liv og helse talar for at konflikten mellom KFO og SBL no blir løyst utan ytterlegare arbeidskamp.

Kommunal- og regionaldepartementet meiner at eit vedtak om tvungen lønnsnemnd i denne arbeidskonflikten er innanfor ramma av dei konvensjonane Noreg har ratifisert.

2. MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sigvald Oppebøen Hansen, Reidar Sandal, Karl Eirik Schjøtt-Pedersen og Signe Øye, frå Høgre, Peter Gitmark, Gunn Marit Helgesen og Hans Kristian Hogsnes, frå Framstegspartiet,

Torbjørn Andersen og Per Sandberg, frå Sosialistisk Venstreparti, Helge Bjørnsen og Heikki Holmås, frå Kristeleg Folkeparti, Anita Apelthun Sæle og Ivar Østberg og frå Senterpartiet leiar Magnhild Meltveit Kleppa, er kjend med at det er usemje mellom Kommunalansattes Fellesorganisasjon og Servicebedriftenes Landsforening om i kva grad arbeidsgjevar nytta seg av høvet til å søkja om dispensasjon for akuttberedskap. Komiteen meiner likevel Helsetilsynet sine vurderingar av situasjonen i Nord- og Sør-Trøndelag datert 14. oktober 2002 slik dei kjem fram i proposisjonen, tilseier at det kunne vera fare for liv og helse. Komiteen sluttar seg såleis til lovforslaget frå Regjeringa.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Fremskrittspartiet meiner den aktive bruken av tvungen lønnsnemnd som ulike regjeringer bruker mot konflikter i arbeidslivet, gjør at partene ikke i tilstrekkelig grad bestreber seg på selv å finne løsninger i forhandlinger. Dette kan medføre at partene i arbeidslivet spekulerer i at regjeringen griper inn med lønnsnemnd.

Disse medlemmer vil understreke det ansvar partene i arbeidslivet har for å finne løsninger i frie forhandlinger, og meiner en mer tilbakeholden bruk av lønnsnemnd ville ha medført et større press på partene for å inngå omforente avtaler.

Disse medlemmer har registrert at det eksisterer en uenighet mellom de Kommunalansattes Fellesorganisasjon og Servicebedriftenes Landsforening om hvorvidt Servicebedriftenes Landsforening unnlot å søke om dispensasjon for akuttberedskap og derigjennom satte liv og helse i fare, eller om dette gjaldt en utvidelse av dispensasjonsadgangen. Det kan innebære at bruk av tvungen lønnsnemnd i denne konflikten kunne vært unngått hvis nødvendige dis-

pensasjoner for å unngå å sette liv og helse i fare hadde blitt gjennomført.

Disse medlemmer mener likevel at de opplysninger som er fremkommet i proposisjonen, bl.a. fra Helsetilsynet, om at situasjonen var svært alvorlig og at det var fare for liv og helse, her må være avgjørende.

Disse medlemmer vil på dette grunnlag slutte seg til innstillingen.

3. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Odelstinget til å gjere slikt

vedtak til lov

om lønnsnemndbehandling av arbeidstvisten mellom Kommunalansattes Fellesorganisasjon og Servicebedriftenes Landsforening i samband med tariffrevisjonen 2002

§ 1

Twisten mellom Kommunalansattes Fellesorganisasjon og Servicebedriftenes Landsforening i samband med tariffrevisjonen 2002 skal avgjerast av Rikslønnsnemnda.

Reglane i lov 19. desember 1952 nr. 7 om lønnsnemnd i arbeidstvistar blir brukt tilsvarende.

§ 2

Det er forbode å setje i verk eller oppretthalde arbeidstans eller blokada til løysing av tvisten.

§ 3

Lova her tek straks til å gjelde.

Lova gjeld fram til Rikslønnsnemnda har avgjort tvisten.

Oslo, i kommunalkomiteen, den 5. november 2002

Magnhild Meltveit Kleppa

leiar og ordførar

Hans Kristian Hogsnes

sekretær